

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 29.04.2014

### SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- SUPPLERINGSVAL - NY VARAMEDLEM TIL SEKOM-STYRET
- INSTRUKS FOR AMBULERANDE NATTEVAKT I OPEN OMSORG
- KOMPETANSEUTVIKLING I GULEN KOMMUNE - RULLERING 2014 -2015
- VASSFORSYNING GULEN SØR. VAL AV LØYSING FOR AUKE LEVERINGSKAPASITET.
- REVISJON AV ØKONOMIREGLEMENT FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV GBNR. 63/ 35, 63/36 OG DELAR AV 63/15 OG 63/37, HALSVIK, RÅOLJE- OG PETROLEUMSTERMINAL - GULEN INDUSTRIHAMN. REGULERINGSPLAN MED MINDRE ENDRINGAR
- GODKJENNING AV GBNR. 15/193 EIVINDVIK/ SOLLIBOTN INDUSTRI. REGULERINGSENDRING
- GODKJENNING AV GBNR. 78/3 FIVELSDAL. REGULERINGSPLAN FOR HYTTER

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 11.00.

Før møtet vert det halde innlegg frå bondelaga i Gulen. Sakshandsaminga startar om lag kl 12.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordfører

## Betal den kommunale rekninga enkelt med eFaktura eller Avtalegiro

Med eFaktura får du rekningane rett i nettbanken i staden for i postkassa, ferdig utfylt med KID-nummer og det heile. Dette sparar kommunen for utgifter til papir og porto – pengar som heller kan nyttast til andre gode formål.

### eFaktura

Du betalar fakturaen frå kommunen i nettbanken

- KID- og kontonummer er ferdig utfylt
- Du kan endre betalingsdato og beløp
- Du får varsel på e-post når fakturaen kjem inn i nettbanken.
- Alle eFakturaer må godkjennast av deg før kontoen vert belasta. Dette gjer du med eit klikk.
- Du har full oversikt over betalte og ubetalte rekningar

### AvtaleGiro

Du unngår purring og gebyr ved for sein betaling

- Rekninga betalast automatisk på forfallsdato
- Du blir varsla minst sju dagar før rekninga har forfall
- Du får kvittering på kontoutskrifta
- Meir informasjon: [avtalegiro.no](http://avtalegiro.no)

Det er mogleg å kombinere eFaktura og AvtaleGiro. På denne måten sparar du papir og har oversikt i nettbanken.

*Kvifor bruke tid på rekningar, når du heller kan bruke tid på det du vil?*

## Utlysing – tilskot til veglys

På budsjett for 2014 har kommunen sett av kr 50 000 til driftstilskot til veglys i bygdene.

Kriterie for tilskot

- Drifta er organisert i eit eige lag, med eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir

Send inn søknad - vedlagt siste års rekneskap/årsmelding til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)  
Innan **01.05.2014**.

Det må gå fram av årsmeldinga eller i søknaden kor mange lyspunkt laget driftar.

## Informasjon frå Tusenårsstaden Gulatinget

### Program for våren 2014

Konsert i Gulen kyrkje med Øyklang og Gulen  
Brass Band m.fl.  
Tysdag 08.04.2014 kl 19

Konsert i Gulen Kyrkje med unge russiske  
organistar  
Torsdag 17.04.2014 kl 21

Gudsteneste i Brekke kyrkje med unge russiske  
organistar  
Fredag 18.04.2014 kl 11

Rockekonsert i Høyanger med ungdom frå Hafs  
Sundag 27.04.2014 kl

Wergelandskonsert i Eivindvik  
Onsdag 14.05.2014 kl 19

Wergelandskonsert i Brekke  
Torsdag 15.05.2014 kl 19

Opning av Henrik Wergelands Tavle for  
menneskerettar i Borgstova  
Tysdag 20.05.2014 kl 19

Grunnlovsseilas - arrangement i Eivindvik  
Fredag 30.05.2014 kl 18

MS NYBAKK fer i vesterled.  
Hurra-arrangement Eivindvik  
Onsdag 04.06.2014 kl 18

St.Hans arrangement i skulekrinsane.  
Samarbeid om innhald og feiring av Grunnlova  
Måndag 23.06.2014

Jubileumsarrangement og folkefest på  
Flolid Laurdag 28.06.2014 frå kl 12-22

Festgudsteneste med vitjing av biskopen  
Flolid Sundag 29.06.2014 kl 11

Sjå elles våre nye nettsider  
[www.gulatinget.no](http://www.gulatinget.no)

Vi har òg presentert ein **Namnekonkurranse** og **Dokumentasjons- og skrivekurs** som har fått god respons allereie. Les meir om dette på nettsidene. Alle andre typar innspel og kommentarar vert tekne i mot med stor takk.

Dette er berre byrjinga.

### Plan-nytt

Nærare informasjon finn du  
på heimesida under



[www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)

I dag pågår 18 arealplanar, blant anna følgjande:

#### **Kommunedelplan for trafikktrygging**

2011005 Administrasjonen har lagt planomtalen på høyring. Høyringsfrist 25.04.2014

#### **Kommuneplan for Gulen kommune**

2012001 Arealdelen var på 1. gongs høyring med frist 04.04.2014

Det er utarbeidd rettleiar for denne, sjå «Plan Nytt» på heimesida.

#### **Reguleringsplanar**

Overordna vurdering med rullering av  
kommuneplan

2011004 Kvernevågen - næring og hyttefelt  
(innspel)

2005007 Krekebærtua - hyttefelt (avvist)

Til godkjenning i kommunestyre 29.04.2014:

2010004 Sollibotn industriområde, med mindre endringar

2013002 Råolje og pet.terminal, industriomr. –  
Sløvåg sør

2012007 Fivelsdal gbnr. 78/3 - hytter

2011003 Veg til Kyrkjøyyna - endring, Rutledal

### Ny flyktingkonsulent

Gulen kommune vil hausten 2014 få inntil ti flykningar som skal busettast i Eivindvik. Det er NAV Gulen som har ansvaret for kommunen si flyktingeteneste.

Eirik Magnar Høydal er tilsett som flyktingkonsulent ved NAV Gulen frå 01.04.2014.

## Kommunal koordinator

For alle førespurnader som gjeld re-/habilitering, og individuell plan - ta kontakt med:

Wenche Leite  
Kommunal koordinator

Kontor: Gulen Sjukeheim, kontorfløy 2. etg.  
tlf. 57 78 16 88  
mobil 945 06 790

## Vårteljing av hjort 2014

Dato for teljinga vert 29.03, 12.04 og 26.04.

Teljinga føregår i tidsrommet mellom kl 23.00 – 02.00.

I hovudsak føregår teljinga på offentleg veg, men i nokre høve vert det naudsynt å køyre på private vegar og inn på tunet til nokre gardar.

## Informasjon om husbanken



Husbanken har gjennom ulike ordningar for privatpersonar, bl.a.

- Bustønad
- Tilskot til etablering
- Tilskot til tilpassing av eigen bustad
- Startlån

**Bustønad** skal bidra til å redusere buutgifter for husstandar med lav inntekt. Husbanken og kommunen samarbeider om bustønadsordninga.

Kven kan søkje om bustønad?

- Alle over 18 år kan søkje bustønad med unntak av vernepliktige og studentar utan born
- Du kan søkje dersom du er student og studiet ditt er eit ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering, til dømes yrkesretta attføring
- Dersom du er under 18 år og har eigne born, kan du òg søkje

**Tilskot til etablering** skal bidra til å skaffe eigna bustad for vanskeligstilte på bustadmarknaden. Tilskotet skal sikre at vanskeligstilte kan bli buande i ein eigna bustad. Tilskot til etablering kan du søkje om i den kommunen du skal busette deg i.

**Startlån** er ei låneordning for dei som slit med å etablere seg på bustadmarknaden eller har vanskar med å bli buande i bustaden sin. Det er til dømes økonomisk vanskelegstilte husstandar, barnefamiljar, einslege forsørgjarar og flyktningar som kan søkje om startlån.

Du kan få **tilskot til tilpassing av eigen bustad** dersom du har nedsett funksjonsevne. Dette gjeld enkeltpersonar/ husstandar med varig lav inntekt og som ikkje er i stand til å betene eit lån.

### Korleis søkje?

Du finn meir informasjon om dei ulike ordningane på [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no).

Det er NAV Gulen som på vegne av kommunen tek imot og handsamar søknader om startlån, bustønad og tilskot.

Om du har spørsmål om ordningar kring Husbanken ta gjerne kontakt med sakshandsamar

Maike Norman Bøe, [maike.norman.boe@nav.no](mailto:maike.norman.boe@nav.no) eller Siv Hamn, [siv.hamn@nav.no](mailto:siv.hamn@nav.no)

Vi kan òg nåast på tlf. 5555 3333 (vel kommunale tenester).

Har du spørsmål om demens?

815 33 032  
**Demenslinjen**

E-post: [demenslinjen@nasjonalforeningen.no](mailto:demenslinjen@nasjonalforeningen.no)

*Viss du ønskjer å komme i kontakt med demensteamet i Gulen kommune kan du ringe: 416 10 972 eller 957 02 551 frå måndag til fredag mellom klokka 12.00 og 16.00.*

Demensteamet i Gulen kommune.

## Opning av Kystarven på Byrknes

Søndag 27.04.2014 vert det 3-fjellstur på Byrknes for å markere den offisielle opninga av Kystarven-prosjektet.

3-fjellsturen vert arrangert av Ytre Gulen Idrettslag og startar ved Siletjønna på Byrknes kl. 10.00. Turen går først til Byrknesfjellet, deretter Piltevarde på Mjømnfjellet og til slutt Midtbøfjellet på Ånneland. Ein reknar med å vere ferdige ca. kl. 17.00 og då vert det servering på Skjerjehamn.

Kystarven er eit HAFS-prosjekt som har gått ut på å rydde og merke 20 stiar i kvar av dei fem kommunane etter høg standard. Fem utvalte stiar er kulturstiar og har ekstra kulturhistorisk informasjon langs løypa. Desse kulturstiane er Bygdetur på Oppdalsøyra, Vardetur (rundtur Svabergfjellet, Ormekletten, Flolidfjellet) og Utsikt til fjordkysten (Kjerringnova) i Eivindvik, Vårflortur (Byrknesfjellet) på Byrknes og Vassbruksmiljøet/Midt-Taklestølen på Brekke.

Meir informasjon vert lagt ut på kommunen sine nettsider etter kvart.

## Ungdom under 30 år



NAV Gulen har oppretta eit ungdomsteam for ungdom under 30 år. Målsettinga er at ungdom under 30 år skal vere i arbeid eller utdanning. Vi kan rettleie og setje i verk tiltak for å gjere vegen mot utdanning og arbeid mogleg.

Kontaktperson for ungdomsteamet er Maike Norman Bøe, [maike.norman.boe@nav.no](mailto:maike.norman.boe@nav.no), mobil. 406 42 410.

## Neste utgåve av Infoposten

Neste utgåve av Infoposten vert distribuert i veke 23.

## Informasjon frå tannklinikken

Eivindvik Tannklinik vil halde stengt frå 17.04.2014 t.o.m. 02.05.2014 grunna påskeferie og installering av nytt utstyr.

Ved akutt, ta kontakt med Tannklinikken i Lavik eller Hyllestad.

Tannhelsetenesta i Gulen ynskjer alle pasientar god påske.



## Takk

Hjarteleg takk for minnegåve til Byrknes bu- og omsorgssenter i samband med Borghild Larsens bortgang.

På vegne av bebuarar og personale

Eva Vågheim, Einingsleiar

## Kor på landet

Gulen-koret (kor på landet) har starta opp øvingar att. Det er øving kvar tysdag, annakvar gong Dalsøyra – Eivindvik.

Songkategori er: lett underholdning og musikk med smil, og ymse...

Har du lyst til å være med? Send sms til Gro Sandnes tlf. 974 26 772.

## Er det nokon som saknar ein nøkkel?

I mars vart det funne ein nøkkel ved parkeringsplassen på Tusenårsstaden Flolid.

Ta kontakt med ekspedisjonen ved Gulen kommune på tlf. 57 78 20 00 dersom du meiner du er eigar eller har tips til kven som kan vere eigar av denne.